



Luster kommune

Rådmannen

Det kgl. Kommunal- og Regionaldepartement
Kommunalavdelingen
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Gaupne, 13.02.2006

Arkivsak: 05/02754
Arkiv nr.: 103// &13
Sakshande: Tore Eriksen

KOMM. OG REG. DEP	
14 FEB 2006	
05/3280-280	
Ark:	661-D
Avt:	KO / KØ / HER

MELDING OM VEDTAK HØYRING - INNTEKTSSYSTEMUTVALET'S UTREDNING - NOU 2005: 18FORDELING, FORENKLING, FORBEDRING

Vi viser til vårt brev av 23.01.06 der vi informerte om kva vedtak formannskapet hadde gjort i saka. Saka har no vore føre i kommunestyret, og dei har vedteke formannskapet si tilråding.

Kommunestyret har gjort slikt vedtak i møte den 09.02.2006, sak 0010/06:

"Luster kommune vedtek slik uttale i høve utgreiinga frå Inntektssystemutvalet ("Borgeutvalet"):

- ~~1. Inntektssystemutvalet har på nokre område kome med forslag som kan forbetre fordelingssystemet i kommunesektoren. Dette gjeld særleg i høve kommunane. Desse områda bør følgjast opp.~~

På nokre få område legg utvalet opp til store omfordelingar utan å ta omsyn til dei forskjellane som er mellom by og land. Dette gjeld særleg for den fylkeskommunale samferdsla. På dette området vil utvalet sitt forslag kunne få store negative konsekvensar i heile Sogn og Fjordane. Utvalet sitt forslag på dette punktet må avvisast.

Utvalet burde heilt generelt vore tydelegare på når ein nyttar politisk skjønn, når ein nyttar fagleg skjønn og når ein kjem med sikre faglege analysar og konklusjonar. Ei samla framstilling på dette området hadde gjort det lettare for politiske høyringsinstansar å vurdere utgreiinga.

2. Utgiftsutjamninga for kommunane bør vurderast nærare når det gjeld kommunale vegar og ny barnehagenøkkel. Det kommunale vegnettet må inn i inntektssystemet med same grunngeving som fylkesvegnettet. For barnehagane må ein undersøkje om det er ein klår overvekt av små einingar i distrikts- og utkantkommunar og i så fall drøfta kva konsekvensar dette bør få.

Utgiftsutjamninga for fylkeskommunane legg opp til ei dramatisk omfordeling innan samferdsla. Denne må avvisast, då utvalet ikkje har klårgjort kva rolle offentleg

ADRESSE:
Rådhuset
6868 GAUPNE

TELEFON:
Sentralbord:
57 68 55 00

TELEFAX
57 68 55 01


E-POST ADRESSE:
postmottak@luster.kommune.no

ORGANISASJONSNR.
964 968 241
Bankgiro:
3785.07.00142

transport bør spele i ulike delar av landet. For fylkesvegane bør dagens reinvesteringsskomponent vidareførast. Vidare bør kostnadsforskjellane i det vidaregåande skuleverket vurderast nærare før det vert iverksett evt endringar. Endeleg bør den nye og lite distriktsvenlege nøkkelen for tannhelsetenesta avvisast.

3. Vekstkommunane bør ikkje få særskilt merksemd gjennom inntektssystemet. Kapitalkostnadene kan vere minst like tyngjande for kommunar med nedgang i folketalet.
4. Eigedomsskatten, heimfallsinntekter og konsesjonskraftinntekter/-avgifter bør, slik utvalet tilrår, ikkje inngå i inntektsutjamninga. For fylkeskommunane bør dagens inntektsutjamning vidareførast.
5. Storleiken på skjønnstilskotet bør fastleggast av regjeringa/Stortinget på "fritt grunnlag", ikkje av eit ekspertutval.
6. Det tilrådde distriktpolitiske tilskotet bør omfatte alle "C-/D-kommunar" (jf den generelle distriktpolitikken). Vidare bør heile skjønnstilskotet haldast utafor det nye distriktpolitiske tilskotet. Den innlemminga utvalet her har gjort er ikkje godt nok grunngjeve. Endeleg bør basiselementet i det nye tilskotet aukast i høve skisserte 15%.
7. Det bør arbeidast vidare med det differensierte "basistilskotet" som utvalet ikkje teke med i tilrådinga si.
8. Overgangsordninga i inntektssystemet bør endrast slik utvalet tilrår, dvs at evt inntektstap vert avgrensa til eit gitt kronebeløp pr innbyggjar.
9. Staten bør unngå å styre kommunesektoren gjennom omfattande bruk av statlege handlingsplanar og øyremarka tilskot. "

Med helsing


Anita Bjørk Ruud
Politisk sekretariat

Kopi til: KS Sogn og Fjordane v/Jan Ryste (e-post)
KS Postboks 1378 Vika, 0114 Oslo